



DET KONGELIGE  
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

Ifølge liste

Deres ref	Vår ref	Dato
	16/412-	6.6.2017

## Zephyr AS – Vågsvåg vindkraftverk i Vågsøy kommune – vedtak

### 1. Bakgrunn

Zephyr AS (Zephyr) søkte 21. november 2011 om løyve til bygging og drift av Vågsvåg vindkraftverk i Vågsøy kommune. Zephyr søkte samstundes om samtykke til oreigning og om lov til å sette i verk oreigningsinngrep før det ligg føre rettskraftig skjøn. SFE Nett AS søkte om løyve for bygging og drift av naudsynte nettanlegg for å kople til vindkraftverket til nettet.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) fatta 8. oktober 2014 vedtak i saka, der Zephyr fekk løyve til vindkraftverket. Løyvet gjeld inntil 24 MW installert effekt, tilsvarande ein årleg produksjon på opptil 70 GWh. NVE gav samstundes løyve til SFE Nett AS for nettløysinga. Det blei gitt løyve til oreigning, men NVE valde å ikkje handsame søknaden om godkjenning til å sette i verk oreigningsinngrep før det ligg føre rettskraftig skjøn.

Følgjande personar og organisasjonar klaga på vedtaket frå NVE:

- Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane (FNF) på vegne av Sogn og Fjordane Turlag, Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane og Norsk Ornitologisk Forening, avdeling Sogn og Fjordane
- Arne-Jon Kandal

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har fremja motsegn til prosjektet.

Zephyr kommenterte klagene i e-post av 5. desember 2014.

NVE har vurdert motsegna og klagene i brev av 19. desember 2014 til departementet, og har ikkje funne grunnlag for å gjere om vedtaket.

Departementet gjennomførte synfaring i planområdet 3. juni 2015, saman med representantar frå klagarane og Zephyr. Det blei i samanheng med synfaringa heldt møte der Zephyr, kommunen, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og klagarane var til stades.

## **2. Klagar og motsegn**

### **2.1. Klagar**

FNF meiner at vedtaket er prega av uvisse, blant anna med tanke på biologisk mangfald som fugleliv og verknader for friluftssinteressene, turisme og landskap. Dei meiner òg at folk i området vil bli utsette for støynivå og skyggekast som ligg over fastsette grenseverdiar.

Kandal meiner at utbygginga vil skape store sår i naturen. Den vil øydeleggje det varierte og sjeldne fuglelivet. Området er svært sårbart for inngrep. Svært mange i bygda Vågsvåg og i distriktet elles er svært uroa og imot ei slik utbygging i denne urørte naturperla, meiner Kandal. I utbyggingsområdet er det laga og merka gode turstiar som sær mange nyttar seg av. Ei utbygging av eit vindkraftverk her vil øydeleggje eit av dei finaste naturområda med urørd natur i kommunen. Kandal syner til at utbygginga på sikt vil skape svært få arbeidsplassar.

### **2.2. Motsegn**

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane ga motsegn til prosjektet i den offentlege høyringa, og stadfesta motsegna i møte med NVE 11. mars 2014. Fylkesmannen grunngjev motsegna med at prosjektet er i strid med nasjonale retningslinjer for lokalisering av vindkraftverk og med føreliggjande regional plan for vindkraft i Sogn og Fjordane. Vidare syner Fylkesmannen til at prosjektet ligg i eit område der konfliktane med landskapsverdiar, biologisk mangfald og inngrepsfri natur er for høge samanlikna med den relativt avgrensa energiproduksjonen utbygginga vil gi.

## **3. Departementet sine merknader**

### **3.1. Innleiing**

Konsesjon til vindkraftanlegg kan berre bli gitt dersom fordelane ved tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, jf. energilova § 3-1, jf. § 1-2. Energilova skal sikre at produksjon, omforming, overføring, omsetjing, fordeling og bruk av energi føregår på ein rasjonell måte for samfunnet, og det skal takast omsyn til allmenne og private interesser som blir påverka.

### **3.2. Tilhøvet til naturmangfaldlova**

Fleire klagarar meiner at tiltaket er i strid med naturmangfaldlova (nml) §§ 8- 10. Det er særleg peika på konfliktar med fugl og fugletrekk.

Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 skal leggjast til grunn som retningsliner ved handsaming etter energilova, jf. naturmangfaldlova § 7. Omfanget av vurderingane skal tilpassast verdiane som kan bli påverka av ei utbygging.

### 3.2.1. Fugl

*FNF* meiner at utifrå kunnskapen om fugl i området vil konsekvensane for fugl vere store, og at dette temaet derfor burde ha vore med i ei samla vurdering. Temaet fugl er for lite opplyst, og kjend kunnskap blei ikkje teken med. Fleire artar hekker eller nyttar området til næringssøk der dei og har sine leveområde. Dette gjeld boltit, vandrefalk, hubro, tårnfalk og fjellvåk. Desse artane er ikkje tekne med til fulle i vurderingane, og influensområdet til hubro er ikkje justert opp til verkeleg influensområde.

Fylkesmannen meiner at Vågsvåg vindkraftverk vil bety ei utviding av noverande risikoområde for rovfugl ved Mehuken, og at begge dei to viktige jaktområda på vestsida av Vågsøy (fuglefjella Einevarden og Stallbrekka) vil vere fareområde. Studiane på Smøla viser at rovfuglar ikkje vurderer vindturbinar som farlege. Hekkeplassane på Vågsøy vil derfor halde fram med å vere attraktive for rovfuglar òg etter utbygging, mye fordi Fuglefjella representerer gode næringstilhøve. Vågsvåg vindkraftverk vil etter Fylkesmannen sitt syn ha stor negativ konsekvens ikkje berre for dei hekkande kongeørn- og havørnpara ved anlegget, men òg for hekkande rovfugl generelt i ein omkrins av minst 5-10 km. Når fagutgreiinga antar at *"de bestandsmessige konsekvensene av vindkraftanlegget til å vere ubetydelige for de antallsmessig dominerende artene i området"*, er dette basert på vurderingar som i hovudsak er knytt til trekkande sjøfugl, og dessutan er det brukt data frå danske offshoreanlegg, som er svært lite relevante. Avviksreaksjonar hos sjøfuglar i dagslys over ope hav seier lite om dei trekkfuglane som vil passere over land ved Vågsvåg. Saman med Mehukenanlegget vil vindturbinar til saman utgjere ei så brei hindring over Vågsøy at det ikkje er urimeleg å vurdere konsekvensen som middels til stor, eller stor negativ, meiner Fylkesmannen.

Ifølge konsekvensutgreiinga har Vågsøy kommune eit rikt fugleliv med store førekomstar av sjøfugl og rovfugl. Fleire av sjøfugllokalitetane er verna som reservat og ligg innanfor ein avstand på 5 kilometer til planområdet. Det er ikkje registrert prioriterte artar innanfor planområdet. Samla konsekvensgrad for fugl er vurdert til middels-stor negativ i utgreiinga. Influensområdet for hekkande fugl er satt til 2,5 km radius frå planområdet. Departementet vil legge vekt på verknadene for fugl i den samla vurderinga.

#### 3.2.1.1. Havørn

Rett aust for planområdet i skrenten av Såtetua, ligg det eit tidlegare kongeørnreir. I dei seinare åra har reiret blitt nytta av havørn. Det er òg registrert ein hekkelokalitet ved Holvik-Veten. Begge områda er gitt middels verdi for fugl. Det står i konsekvensutgreiinga at området frå Vågsøy til Bremangerlandet har vore eit kjerneområde for havørn i fylket. Arten er sensitiv for uro, særleg i hekkeperioden kor støy kan føre til

fortrenging frå reirlokaltet. Departementet vil legge vekt på kor viktig området er for arten i den samla vurderinga for fugl.

#### 3.2.1.2. Kongeørn

Rett utanfor planområdet ligg det truleg ein hekkeplass for kongeørn. Området er i konsekvensutgreiinga vurdert til å vere ein viktig del av territoriet til eit kongeørnpar, og området vest for Hesten er derfor verdivurdert til middels-stor. Den lokale bestanden kan etter departementet si meining bli påverka i form av kollisjon med roterande turbinblad og uro ved hekkelokalitetane. Departementet legg noko vekt på verknadene for kongeørn i den samla vurderinga.

#### 3.2.1.3. Trekkande fugl

Konsekvensutgreiinga peiker på at havområda utanfor Vågsøy er sentrale for fugletrekk. Fleire artar trekker primært over havet og passerer på utsida av Vågsøya. Vågsvåg vindkraftverk vil kunne gi kollisjonsrisiko for trekkande fugl. Utgreiinga peiker samstundes på at Vågsvåg ikkje ligg i ei spesielt viktig trekklei, og ser det derfor slik at det utgjer ein ubetydeleg risiko for bestandssituasjonen. Kollisjonar med trua artar kan ein ikkje sjå bort frå. Verknadene for fugletrekk vert derfor vurdert til middels negativ konsekvens i utgreiinga.

NVE finn at det er lite kunnskap om verknadene for fugl. Ut i frå uvisse om verknadene for fugl på trekk, legg departementet noko vekt på føre var-prinsippet i den samla vurderinga.

#### 3.2.2. Sjøfuglreservat

Det er fleire sjøfuglreservat med viktige hekkelokalitetar for sjøfugl i farvatna utanfor Vågsøy. Det næraste reservatet er Stallbrekka som ligg 2,2 kilometer frå planområdet. Einevarden 3,3 kilometer nord for planområdet, er det største fuglefjellet i fylket. Reservatet har ein gitt svært stor verdi i konsekvensutgreiinga. Dei andre reservata har fått frå middels (Skorpeholmane) til stor verdi (Klovningen, Stallbrekka og Veststeinen). Departementet legg til grunn at regionen er eit rikt fugleområde med særleg store førekomstar av sjøfugl, og at dette samstundes gjer området viktig for rovfugl på næringssøk. Departementet legg vekt på verknader for sjøfugl i den samla vurderinga.

#### 3.2.3. Kystlynghei

Konsekvensutgreiinga peiker på at store deler av planområdet er dekkja av naturtypen kystlynghei. Kystlynghei er oppført på *Norsk rødliste for naturtyper 2011* med statusen sterkt trua. I konsekvensutgreiinga kjem det fram at kystlyngheia er prega av gjengroing og dårleg hevd i form av beiting og lyngsviing. Kystlyngheia er derfor i konsekvensutgreiinga vurdert til berre å vere av lokal verdi. På synfaringa peika Fylkesmannen på at han ikkje er einig i vurderinga av tilhøva for kystlyngheia. Fylkesmannen påviste i felt at deler av lyngheia var i ganske god tilstand.

Departementet vil legge noko vekt på verknader for kystlynghei i den samla vurderinga.

#### 3.2.4. Samla belastning på naturmangfald

Etter naturmangfaldlova § 10 skal ein ved vurderinga av verknader eit tiltak kan gi, sjå på verknader på heile det aktuelle økosystemet. Ein skal sjå på den samla belastninga som eit økosystem er eller kan bli utsatt for.

Det er mange vindkraftprosjekt nord i Sogn og Fjordane som har fått endeleg løyve. Det gjeld Hennøy vindkraftverk i Bremanger kommune, testområdet Stadt, Mehuken I og II vindkraftverk i Vågsøy kommune (i drift), Okla vindkraftverk i Selje kommune og Guleslettene vindkraftverk i Flora og Bremanger kommunar. Departementet syner vidare til vedtak av i dag der Bremangerlandet vindkraftverk har fått endeleg løyve.

Når det gjeld naturtypar og vegetasjon, er store deler av planområdet dekkja av kystlynghei. Det er noko usikkert i kva grad kystlyngheia i området er prega av gjengroing og kor verdifull den er. Departementet finn at tiltaket kan innebere noko fragmentering av naturtypen kystlynghei, men det negative omfanget av dette vil vere avhengig av den faktiske tilstanden til kystlyngheia. I alle høve er dei faktiske inngrepa i terrenget avgrensa og store delar av heia vil ikkje bli påverka av fysiske inngrep. Departementet meiner førekomst av kystlynghei i planområdet ikkje i seg sjølv er til hinder for å gi løyve til utbygginga, men får noko vekt i den samla vurderinga.

Når det gjeld fugl, legg departementet vekt på at området er eit lokalt viktig område for kongeørn, havørn og trekkfuglar. Etter NVE si vurdering kan tiltaket ha verknad for den lokale bestandsutviklinga for desse artane.

Fylkesmannen meiner at saman med Mehuken vindkraftverk, vil Vågsvåg vindkraftverk føre til ei brei hindring for fugl over Vågsøya, og at verknaden mest sannsynleg vil vere middels stor eller stor negativ. Fylkesmannen meiner at fuglefjellet Einevarden, som er det sørlegaste fuglefjellet i Norge, vil bli innringa av vindturbinar med Mehuken i nordvest og Vågsvåg og Bremangerlandet i aust og sør.

#### *Kongeørn*

Granskingar av kongeørna si toleranse med omsyn til vindturbinar i utlandet, viser ymse resultat. Kongeørn kan bli råka av vindturbinar. Sett i samanheng med arten sin utbreiing og status som livskraftig, meiner departementet at prosjekta samla sett ikkje vil påverke den regionale og nasjonale bestanden av kongeørn.

#### *Havørn*

Det er i dag 139 kjente og sannsynlege hekkelokalitetar for havørn i fylket. Med ei buffersone på 5 kilometer vil 40 prosent av alle kjente havørnlokalitetar i fylket kunne få eit vindkraftverk i eller tett ved leveområda, ifølge NVE. På denne bakgrunn er det sannsynleg at hekkelokalitetar for havørn i regionen kan gå tapt. Det er kjent at havørn

brukar store område ved næringssøk, og vindkraftverk kan òg utgjere ein kollisjonsrisiko for arten. Etter departementet si vurdering kan vindkraftutbygginga i regionen få verknad for havørn, men ikkje i ein slik grad at det truar det nasjonale bestandsmålet.

### *Trekkande fugl*

Konsekvensutgreiinga peiker på at Vågsvåg vindkraftverk ligg innanfor trekksona til fugl på vår- og hausttrekk langs norskekysten. Dette er òg tilfelle for dei andre planlagde og eksisterande vindkraftverka i regionen. For kvar av vindkraftverka vil faren for kollisjonar med trekkande fugl auke. Risikoen for kollisjonar for enkeltindivid av trua og sårbare artar vil naturleg nok bli redusert dersom ikkje alle prosjekta får løyve, og blir bygd ut.

Ved realisering av alle vindkraftverka som er til handsaming eller som har fått løyve i regionen, meiner departementet det er sannsynleg at det blir auka fare for kollisjonar for fugl som trekk langs kyststripa. Departementet meiner at tiltaka samla sett vil kunne medføre verknader for havørn og trekkande fugl. Departementet legg vekt på dette under den samla vurderinga av Vågsvåg vindkraftverk.

### 3.3. Landskap, friluftsliv, reiseliv og urørt natur

FNF meiner at planområdet utmerkar seg med fantastisk fin utsikt utover havet, og det er òg god utsikt til øyar, fjordar og fjell. Det er planlagt å plassere turbinar på alle dei fire toppane i planområdet. FNF peiker på at det er omfattande turisttrafikk på sjøen langs kysten av Sogn og Fjordane. Dette gjeld alt frå små lystbåtar, Hurtigruta og til store cruiseskip med fleire tusen passasjerar. Denne turisttrafikken og konsekvensane for den, er i liten grad omtala i sakspapira. FNF meiner at Kannesteinen er ein nasjonalt og internasjonalt kjent naturattraksjon og at kontrasten mellom den flotte naturattraksjonen og industriområdet på toppen av fjellet sørafor vert nesten grotesk. FNF meiner at Vågsvåg vindkraftverk er planlagt i eit attraktivt, lett tilgjengeleg (300 høgdemeter), godt tilrettelagt og mykje brukt friluftsområde.

Ifølge konsekvensutgreiinga er nokre område i influensområdet sett til å vere av spesielt stor verdi. Refvika, Hornelen og Kannesteinen som landskap har ein stor regional og nasjonal verdi og identitetsverdi. Vetvika, Torskangerpollen og Rugsund er sett på som landskap av stor regional verdi. Den samla konsekvensgraden for tiltaket er vurdert til middels negativ.

For tema landskap meiner Direktorat for naturforvaltning (nå Miljødirektoratet) at Vågsvåg vindkraftverk vil vere eit lite anlegg med relativt stort konfliktpotensial (konfliktkategori D). Vindkraftverket vil ha stor konflikt med verdifull klippekyst og vil vere godt synleg. Konfliktkategorien er grunngitt med at klippekysten er sjeldan i regional og nasjonal samanheng. Torskangerpollen og Kvalheimvika vil bli sterkt visuelt påverka. Tiltaket vil vere godt synleg frå Kannesteinen og Hornelen og frå store hav- og fjellområde.

NVE meiner at tiltaket vil påverke einskilde landskapstypar og område av regional og nasjonal verdi, som landskapstypen *klippekystr/næringskystr* og områda Refvika, Hornelen, Kannesteinen, Vetvika, Torskangerpollen og Rugsund. NVE finn òg at planområdet er eit lokalt viktig turområde med stor verdi, som er lett tilgjengeleg og verker urørt, og at tiltaket vil gi store verknader for friluftsliv og urørt natur. Plasseringa av vindkraftverket på kystfjellplatået ved Vågsvåg vil gjere vindturbinane godt synlege over store hav- og fjordområde, høgtliggande fjellområde og særleg frå vikene Torskangerpollen og Kvalheimsbukta. Dette vil prege landskapskarakteren i området.

#### 3.4. Tekniske/økonomiske høve

NVE har levert oppdaterte utrekningar for Vågsvåg vindkraftverk. NVE meiner at vindkraftverket ligg i eit overskotsområde for straum. Lang avstand til innmatingspunkt i sentralnettet, vil truleg føre til høge tap i nettet. Departementet ser at Vågsvåg vindkraftverk har høge totale nettkostnadar per kWh samanlikna med andre prosjekt. Dette skyldast at det er eit lite prosjekt, samstundes som det vil skapa vesentlege behov for tiltak i distribusjonsnettet. Drifts- og vedlikehaldskostnadane kan bli noko høgare enn i andre prosjekt som er analysert. Departementet finn at prosjektet ikkje er blant dei bedriftsøkonomisk beste vindkraftprosjekta, og legg dette til grunn i den samla vurderinga av fordelar og ulemper.

#### 3.5. Samla vurdering av vindkraftverk i Sogn og Fjordane

Det er planlagt fleire vindkraftverk langs kysten av Sogn og Fjordane. Mehuken vindkraftverk (I og II) er i drift og ligg berre få kilometer nord for Vågsvåg vindkraftverk. Lenger nord har Okla og Testområde Stadt fått løyve. Sjørover er vindkraftprosjekta Hennøy og Guleslettene gitt løyve. I tillegg har departementet i dag gitt løyve til Bremangerlandet vindkraftverk. Kvart av prosjekta vil vere synlege langs kysten i Sogn og Fjordane, og den samla belastninga på hav- og fjordområda og den ytre kystsona vil etter departementet si vurdering vere stor. Dette kan mellom anna skjemma opplevinga ved friluftsliv og ferdsel. Departementet meiner at vindkraftverket i stor grad vil påverke både friluftsliv og landskapsopplevinga i og rundt planområdet. Departementet legg vekt på dette i den samla vurderinga.

*I Regional plan for vindkraft i Sogn og Fjordane er det uttrykt at: "Vindkraftanlegg som ligg i område med stort konfliktpotensial vert i utgangspunktet ikkje prioritert. Vindkraftanlegg i slike område kan likevel verte vurdert som utbyggingsaktuelle dersom meir detaljert kunnskap i konsesjonshandsaminga viser at prosjektet er akseptabelt ut i frå viktige omsyn, dersom avbøtande tiltak er tilfredsstillande og dersom lokale styresmakter har positiv tilråding."*

Miljødirektoratet har peika på *"Retningslinjer for planlegging og lokalisering av vindkraftanlegg."* Retningslinjene tilrår større anlegg som ligg konsentrert til avgrensa områder, framfor spreidd utbygging av mindre anlegg. Miljødirektoratet meiner dette bør leggest til grunn i handsaminga av Vågsvåg vindkraftverk. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane meiner anlegget er i strid med nasjonale retningslinjer for lokalisering av

vindkraftverk og med regional plan for vindkraft i fylket. Fylkesmannen peiker på at planområdet til Vågsvåg er plassert i regional plan i eit område som ikkje er vurdert som aktuelt for vindkraftutbygging. Fylkesmannen skriv at den regionale planen ønsker å prioritere større utbyggingsområder.

Vågsvåg vindkraftverk sitt konfliktpotensial er ikkje vurdert i regionalplanen fordi planområdet er mindre enn 10 km<sup>2</sup>. Samstundes har ein kome til at området like aust for Vågsvåg har eit stort konfliktpotensial. Departementet merkar seg at den regionale planen for vindkraftverk i Sogn og Fjordane uttrykkjer ønske om å byggje ut store vindkraftverk framfor små. I den samla vurderinga tek departementet utgangspunkt i at Vågsvåg er eit relativt lite vindkraftverk, samstundes som det har betydelege konflikter med landskap og naturmangfald.

Etter naturmangfaldlova § 10 skal ein vurdere verknader på eit økosystem ut ifrå den samla belastninga som økosystemet er eller vil bli utsett for. Når fleire utbyggingstiltak i eit område samla kan få vesentlege verknader, skal ein vurdere tiltaket sine kumulative effektar saman med andre gjennomførte og planlagde tiltak i influensområdet.

Dersom Vågsvåg vindkraftverk ikkje blir bygd, minskar dette presset på naturmangfaldet i fylket generelt. Spesielt blir presset mindre på havørn, kongeørn og andre sjøfuglar i områda. Departementet legg stor vekt på dette.

### 3.6. Samla vurdering av Vågsvåg vindkraftverk

Departementet har gjort ei samla vurdering av ulempene ved ei utbygging av Vågsvåg vindkraftverk. Ulempene er vurdert opp mot fordelane ved å få på plass eit vindkraftverk med et årleg tilskot av fornybar energi på inntil 70 GWh.

I vurderinga har departementet lagt vekt på dei gode vindressursane i området, og at vindkraftanlegget vil gje positive ringverknader lokalt og varige inntekter til søkar og kommunen. Det er òg lagt vekt på at Vågsøy kommune er positiv til igangsetjing av Vågsvåg vindkraftverk.

Departementet meiner likevel at fordelane ved Vågsvåg vindkraftverk blir mindre enn dei skadane og ulempene utbygginga kan medføre på mellom anna landskap, friluftsliv og naturmangfald når ein ser på samla utbygging i regionen. Det er lagt vekt på at vindkraftverket ikkje er blant dei økonomisk beste prosjekta, og at det er gitt løyve til ei rekke vindkraftprosjekt i regionen, som har betre økonomi enn Vågsvåg vindkraftverk.

Det er lagt vekt på at Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er negativ til igangsetjing av Vågsvåg vindkraftverk.



Etter ei samla vurdering av alle fordelar og ulemper meiner departementet at dei samla skadar og ulemper er større enn fordelane i den endelege vektlegginga av om Vågsvåg vindkraftverk skal få løyve.

#### 4. Vedtak

Klagene og motsegn blir teken til følgde.

NVE sitt vedtak frå 8. oktober 2014 om løyve til Vågsvåg vindkraftverk og løyve til oreigning blir gjort om.

Søknaden om løyve blir avslått.

Når departementet endrar vedtaket til gunst for ein part, skal han få dekning for vesentlege kostnadar som har vore naudsynte for å få endra vedtaket, med mindre endringa skuldast parten sjølv eller tilhøve utanfor partane og forvaltninga si kontroll, eller andre særlege tilhøve talar mot det. Fristen for å setje fram kravet, er seinast **3 veker** etter at melding om det nye vedtaket er kome fram til vedkomande, jf. forvaltningslova § 36.

Dette vedtaket kan ikkje klagast på, jf. forvaltningslova § 28, tredje ledd, fyrste punktum.

Med helsing

Trond Ulven Ingvaldsen (e.f.)  
avdelingsdirektør

Tollef Taksdal  
underdirektør

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikkje handskrivne signaturar.*

Kopi til:  
Norges vassdrags- og energidirektorat  
Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Vågsøy kommune

**Adresseliste**

Arne-Jon Kandal

Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

SFE Nett AS

Zephyr AS